

ÅRSRAPPORT ABM-MEDIA 2023

Om verksemda

ABM-media AS blei etablert 8. 11. 2006 og er eigd av OsloMet - storbyuniversitetet (45 % av aksjene), Norges museumsforbund (45 %) og Arkivforbundet (10 %). ABM-media AS har i 2023 dels blitt drive frå kontorlokale delt med Norsk tidsskriftforening i Litteraturhuset, Wergelandsveien 29, 0167 Oslo – men i praksis mest frå heimekontor. Det gjeld både redaktørane for tidsskrifta, og dagleg leiar.

ABM-media AS har som føremål å gje ut frie og uavhengige tidsskrift for arkiv-, bibliotek- og museumsfelta. Publikasjonane skal bidra til å synleggjera ABM-sektorane i norsk samfunnsliv og i den offentlege debatten, og skal ha vekt på kunnskaps- og forskingsformidling. Selskapet har i 2023 utgitt tidsskrifta Bok & bibliotek, Museum og Aksess, som papirutgåver og også med heimesider for kvar av tidsskrifta. ABM-media har i tillegg eigne nettsider.

Bok & bibliotek

Bok & bibliotek fekk ei namnejustering i styremøte 27. mars, frå å til då ha heitt Bok og Bibliotek. Tidsskriftet hadde fire utgåver på papir i 2023, publiserte 76 saker på bokogbibliotek.no og 19 nye episodar av Podcasten Bok & bibliotek. Arne Olav Hageberg har vore fast tilsett redaktør.

Av viktige saker som tidsskriftet har vore med å setta sokelys på i 2023 kan nemnast Kviteseid-saka – der ein biblioteksjef blei avslørt etter å ha filma bibliotekbrukarar med skjult kamera på do. Tidsskriftet var ein viktig kanal under Legatum-striden ved Deichman Bjørvika, der forlaget Legatum Publishing etter mykje om og men enda med å ikkje få gjennomføra lanseringa av ei innvandringsfiendtleg bok på biblioteket. Vi har peikt på skjulte konsekvensar og store auke i offentlege utgifter som følge av kutt i digitale abonnement hjå Helsebiblioteket, skaffa merksemd rundt systemleverandørar i bibliotekfeltet sine brot på lovnadar frå tidlegare år og biblioteksjefar sitt redaktøransvar, følgje prosessen rundt den internasjonale bibliotekföderasjonen IFLA sin plan om å legga verdskongressen 2024 til Dubai (med knefall for styresmaktene sine krav om ikkje å løfta fram LHBT-tematikk) og medverka aktivt til at dei enorme forskjellane på folkebibliotektilbodet rundt i landet no blir diskutert i feltet.

I sitt første heile år har redaktøren lagt vekt på å utvida nettverk og kjennskap både i biblioteksektoren og medie- og tidsskriftbransjen. Viktig her har vore deltaking på årskonferansane til Viken fylkesbibliotek og Finnmark fylkesbibliotek, Kulturytring i Drammen (med stor ABM-bransjedebatt i samarbeid med Museum og Aksess og live forfattarsamtale og podkastinnspeling med Arne Svingen), Norsk litteraturfestival på Lillehammer og Litteratursymposiet i Odda (med bransjedebatt i samarbeid med Museum og scenesamtale med Ruth Lillegraven), deltaking på Fagpressen sin PUFF-konferanse og Fagpressedagen 2023 i november, og ikkje minst verv som

styremedlem i Norsk tidsskriftforening og deltaking i arrangementskomiteen for Tidsskriftdagen 2023.

Bok & bibliotek sitt redaksjonsråd har i 2023 bestått av Nina Bigum Udnesseter (Norsk skolebibliotekarforening), Åse Kristine Tveit (OsloMet), Johanne Raade (UiT), Per Eide (Bergen Offentlige bibliotek), Idrak Abbassov (lausarbeidar) og Maria Pile Svaasand (Litteraturbåten Epos). Dei har hatt eitt fysisk møte i Oslo og tre digitale. Redaksjonsrådet har i samarbeid med redaktøren utarbeidd og vedteke ein strategi for 2023–2024. Eitt av måla her er at redaktøren skal ha debattinnlegg på trykk i ei riksdekkande avis minst ein gong i halvåret for å skaffa offentleg merksemd rundt Bok & bibliotek. Det har lukkast til no.

Arbeidet med nye nettsider blei igangsett våren 2023, og lansering er planlagt medio februar 2024. I samarbeid med dagleg leiar og dei andre ABM-tidsskrifta blei det i 2023 også gjennomført ein grundig anbodsrunde med tanke på å skaffa ny felles leverandør av annonsesal. Avtalen med LK-Media blei sagt opp frå og med 1. juli 2023, og Edda Presse ved Sissel Bjerkeset tok over frå og med 1.1.24. Etter initiativ frå Norsk Bibliotekforening blei avtalen om distribusjon til alle deira medlemer reforhandla andre halvår.

Museum

Museum har hatt fire utgåver i 2023, med Ellen Lange som fast tilsett redaktør. Museum har som mål både å vera eit vitalt fagblad som bidrar til inspirasjon, idéutvikling og kvalitetshøving musea imellom, samt å vera eit allment kulturtidsskrift. Bladet skifta namn frå Museumsnytt i 2023, og nr. 1 dette året var historias første Museum. Logo og redesign er laga av Laila Mjøs. Kvar utgåve har vore på 76 sider og hatt eit hovudtema/ein raud tråd. I nr. 1 var dette *profesjonalisering*, i nr. 2 *politikk*, i nr. 3 *periferi* og i nr 4. *nye grep*.

Redaksjonen har vedteke at kvar utgåve skal markerast med eit lanseringsarrangement, for å gje rettmessig stas på alle bidragsytalar og også for å nytta høvet til å bygga bru mellom dei museumsfaglege miljøa og ei større offentlegheit. Både nr. 1, 2 og 3 vart feira med ein fest open for alle på kontoret i Litteraturhuset. I tillegg var arrangementet «Hva skal vi huske og kva skal vi glemme?» som dei tre ABM-tidsskrifta arrangerte saman på Kulturytring i Drammen i juni, ei fin markering av nr 2. Arrangementet «Kultur i sentrum og periferi» på Litteratursymposiet i Odda i oktober var godt eigna for å opna fleire auge for Museum generelt og nr. 3/23 spesielt.

Redaktøren får ein del spørsmål om å delta på seminar o.l. Det er hyggeleg, og også ein effektiv måte å knyta kontaktar og bidra til eit betre ordskifte om museas rolle, ansvar og moglegheiter. Difor har ho takka ja så langt det let seg gjera. I 2023 var ho ordstyrar i Tekstallmenningens lesesirkel på biblioteket i Bergen om artikkelen «Det skeiveste året» av Bjørn Hatterud, ordstyrar i debatt om omvising på Nasjonalmuseets formidlingsseminar og leiar av den oppsummerande seksjonen i museas forskingsseminar på Oslo museum. Ho har også skrive eit kapitel i boka «Spreng grensene».

Museum fekk i 2023, som i 2022, støtte frå Fritt Ord og Norges museumsforbund til utstillingskritikk. Det gjorde oss i stand til å produsera og publisera 26 meldingar av museumsutstillingar frå heile Noreg. Alle desse vart publiserte på nettsidene, ni også på papir. Bladet innleia også eit samarbeid om kritikk med masterstudiet for museologi og kulturarv ved UiO. Samarbeidet vil halda fram i 2024.

Også Museums faste frilansjournalist Lene Christiansen fekk støtte frå Fritt Ord – til artikkelserten «Museum under press», om utfordringane og dilemma til europeiske museum.

Museums redaksjonsråd har i 2023 bestått av André Larsen Avelin (Eidsvoll 1814/Norsk Folkemuseum) Eli Hausken (Universitetsmuseet i Bergen) Hanna Mellemsether (Stiklestad Nasjonale Kultursenter/Museene Arven), Marianne Olsen (Perspektivet museum, Tromsø), Nina Høye (Drammens museum) og Tone Cecilie Karlsgård, Historisk Museum/Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo. Marét Steinbjell fra RiddDuottarMuseat var med frå oktober 2022 til februar 2023. Det er eit mål for 2024 å utvida redaksjonsrådet med ein samisk representant. Heile redaksjonsrådet, med eitt unntak, møttest i Tromsø 19. og 20. januar, og har i tillegg hatt digitale møte samt kontakt på mail og telefon.

Aksess

2023 var første heile år for Aksess, andre år av den treårige prosjektperioden. Heidi Meen har vore frikjøpt 70 prosent frå Vestfoldmuseene for å vera redaktør og prosjektleiar. Aksess har som mål å vera eit uavhengig tidsskrift for ein fragmentert sektor, og vil blant anna bidra til å løfta og utvikla feltet – og børsta støv av folk sitt mentale bilde av arkiv. Me jobbar for eit variert innhald, slik at det kan vera noko av interesse for alle.

Så langt har me utvikla e rekke faste spalter; Arkiv & meninger, Arkivaren, Arkivbrukeren, Dokumentarv, Fordypning, Informasjonspilotenes spalte, Reisebrev, Riksarkivarens hjørne, Spalten Eksess og Spalten Innsyn. I tillegg kjem andre reportasjar, småstoff med meir. Aksess kom ut med tre trykte utgåver i 2023; på 84, 84 og 92 sider. Av innhaldet var 34 av sakene gratis, skrivne av skribentar frå sektoren; utdanningsinstitusjonar, kommunale arkivinstitusjonar, Arkivverket, Arbark m.m. (leiar, småstoff og ytringar kjem i tillegg). Sakene er redaksjonelt bearbeida og korrekturlest. I tillegg har sju journalistar og to skribentar skrive 15 saker på bestilling, mot godtgjersle.

Nettsida blei lansert før jul i 2022, og har blitt fylt med innhald i 2023. Dette arbeidet tar også tid. Alle sakene frå dei trykte utgjevnadene blir lagt ut på nettsida. Dei sakene me har betalt for, blir lagt som pluss-saker. 16 saker er publisert rett på nett (ikkje på trykk). Rundt sommaren fekk me implementert annonsestyringssystemet Adnuntius på nettsida, slik at ny annonseseljar kunne begynna å selja nettannonser. Det blei sendt ut nokre nyhetsbrev og delt innhald i sosiale medium, men ikkje så hyppig som ønska på grunn av manglande kapasitet.

Aksess ved redaktør har deltatt på PUFF- konferansen, Fagpressedagen, Privatarkivkonferansen i Sandefjord og KAI-konferansen i Kongsberg (presentasjon av Aksess her), og var med dei andre tidsskrifta på Kulturytring i Drammen. Aksess har også jobba opp mot Arkivverket, Kulturdepartementet og Stortinget med tanke på framtidig finansiering. Arbeid opp mot statsbudsjettet kom for seint i gang.

Aksess sitt redaksjonsråd har i 2023 bestått av Knut Kjosås (IKA Hordaland), Kjetil Landrog (Arkivforbundet), Helene Synnøve Mo (Arkivverket), Tarjei Leer-Salvesen (gravejournalist) og Linda Lund Nilsson (featurejournalist). Redaksjonsrådet har hatt eitt fysisk møte i året, og elles digitale møte etter kvar utgjeving, og alle bidrar med gode innspel til kva som fungerer, kva som bør endrast og kva me kan gjera vidare for å oppfølga formålsparagrafen. Knut Kjosås bidrar elles med å hanka inn

relevante innspel frå arkivmiljøet og med noko skriving, mens Kjetil Landrog bidrar spesielt med tips og råd i samband med politisk påverknadsarbeid.

Styret har vedteke å bruka av eigenkapitalen i prosjektperioden, som ei starthjelp saman med anna finansiering. Etter prosjektperioden må tidsskriftet stå på eigne bein økonomisk.

Forlag

ABM-media AS, forlagsverksemda, gav ut boka *Rom for lesing og utforsking: Skolebibliotekets muligheter* i 2023, og sette etter dette andre prosjekt på vent. Korleis forlagsverksemda skal drivast vidare, er til vurdering.

Organisasjon

ABM-media AS hadde ved utgangen av 2023 to fast heiltidstilsette. Redaktøren for Aksess vert frikjøpt i 70% stilling frå annan arbeidsgjevar. Drift av forlagsverksemda vart handtert av tilsett på OsloMet gjennom avtalt honorar. Dagleg leiing av selskapet fekk i 2023 ein ny praksis, etter at tidlegare avtale med OsloMet var sagt opp ved årsskiftet. Bjørnar Olsen vart frå januar engasjert som dagleg leiar i 20% stilling, men sa opp i prøvetida. Knut Markhus overtok som dagleg leiar i same stillingsstorleik frå 10. mars, i eit engasjement ut året.

Styret og styret sitt arbeid

Styret har i 2023 hatt 4 styremøte og behandla 30 saker.

Fram til ordinær generalforsamling 26. juni 2023, hadde styret følgjande medlemer:

Leiar: Cecilie Øien

Nestleiar: Mette Hvål

Styremedlem: Nils Pharo

Styremedlem: Birgitte Kjos-Fonn

Styremedlem: Nina Granlund Sæther

Varamedlem: Lars Emil Hansen

På generalforsamlinga blei følgjande styre valt:

Leiar: Cecilie Øien

Nestleiar: Mette Hvål

Styremedlem: Nils Pharo

Styremedlem: Birgitte Kjos-Fonn

Styremedlem: Nina Granlund Sæther

Varamedlem: Lars Emil Hansen

Arbeidsmiljø og det ytre arbeidsmiljø

Det har ikkje vore sjukefråvær relatert til arbeidsforhold. Det har ikkje oppstått skadar eller arbeidsulukker i 2023.

Selskapet har pensjonsforsikring for dei tilsette, som tilfredsstiller krav om lov om obligatorisk tenestepensjon.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

Likestilling

Ved utgangen av 2023 var det ei kvinne og to menn tilsett i ABM-media AS, og to kvinner i regulært arbeid gjennom innkjøp/honorar. De to faste redaktørane har lik løn. Frikjøpt redaktør har løn tilsvarende stillinga ho er frikjøpt frå.

Rekneskap og resultatdisponering

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av framleis drift.

Regnskapet for 2023 gjeld for perioden 1. januar 2023 til 31. desember 2023.

ABM-media AS har et negativt regnskapsresultat for 2023 på kr 1.642.580 som vert føreslått belasta fri eigenkapital. Dette er overskridning på 688.580 i høve vedteke budsjett som hadde eit planlagt underskot på 955.000. Dette innskrenkar moglegheita til å bruka fri eigenkapital til investering av tiltak i 2024.

Ei forklaring på overskridinga er at ein heil del fellesutgifter tidlegare vart tekne hand om av OsloMet, og berre ein del av den daglege leiinga vart kompensert for. Frå 2023 kom dette inn som ein stor kostnad, når avtalen med OsloMet var oppsagt. Auka pris på trykking og andre produksjonselement spela også inn.

Det har òg vore uheldig at oppsettet av budsjett og resultatrapportar har vore egna til å gje eit feil bilet av den økonomiske situasjonen gjennom året. I tidsskrifta sine resultatrapportar låg ikkje kostnader til felles drift inne, slik at rapportane kunne indikera at ein låg betre an enn ein i realiteten gjorde.

Det har ikkje skjedd forhold i selskapet sidan årsskiftet som påverkar resultatet, balansen eller selskapet si stilling elles.

Selskapet si verksemrd medfører ikkje nokon finansiell risiko. Selskapet driv heller ikkje forsking eller utviklingsverksemrd (FoU). For rekneskapstal vert det vist til Resultatregnskap med noter.

Rekneskapen for 2023 er ført av MPRG regnskapsbyrå.

Selskapet sine framtidsutsikter

Bok & bibliotek får tilskot over statsbudsjettet frå Kultur- og likestillingsdepartementet, via Nasjonalbiblioteket. I tillegg er det inngått ein avtale med Norsk Bibliotekforening om eit årleg tilskot. Denne vart erstatta av ein ny og betre avtale i 2023.

Museum mottar tilskot frå Norges museumsforbund (NMF) som betaling for at bladet vert sendt til medlemsinstitusjonane. I tillegg har bladet i mange år fått støtte frå Kulturrådet, sidan 2019 via ordninga Tidsskrift og kritikk. Det er gitt signal om at støtta vert vidareførd. Me kjem også til å halda fram med å søka støtte til kritikk og anna hos Fritt Ord, der me har hatt lukka med oss dei siste åra. For å halda utgiftene nede i 2024, vurderer me å gå midlertidig ned frå fire til tre utgåver.

Aksess er etablert med ein prosjektperiode på tre år. Aksess får tilskot frå dei kommunale arkivinstitusjonane som sto bak tidsskriftet Arkheion. I tillegg blei det søkt midlar frå Kulturrådet, som ikkje gav støtte for 2023. Arkivverket ytte utviklingsmidlar i 2022, men avslo støtte i 2023, basert på at utviklingsmidlane er små og har andre formål. Tidsskriftet si økonomiske framtid er avhengig av at vidare finansiering kjem på plass i løpet av 2024, som er siste prosjektår. Kulturrådet har per no gitt støtte for 2024, Arkivverket har inngått ein avtale om abonnement, og tilskotet frå KAI-institusjonane har auka. I 2024 vil me jobba aktivt for å skaffa fleire abonnentar og annonsørar. I løpet av 2024 skal det blant anna jobbast opp mot statsbudsjettet. På KAI-konferansen i september skal ein ha opp spørsmålet om Aksess/Arkheion skal leva vidare, og før det må forslag om nye avtalar med dei 20 institusjonane på plass.

Drifta av forlagsdelen er til vurdering. Ein premiss for vidare drift er at denne har ein berekraftig økonomi, og er med på å dekka fellesutgiftene i selskapet.

ABM-media opparbeidde seg over mange år ein solid eigenkapital gjennom overskot. Det vende seg til underskot i 2021, eit endå større underskot i 2022 og ytterlegare i 2023. Dermed har ikkje eigenkapitalen ved slutten av 2023 den tryggleik som trengst, slik at denne over tid må styrkast igjen. Selskapet må arbeida kontinuerleg for å sikra finansieringa av enkelttidsskrift og totalen, parallelt med at me jobbar med å finna den best moglege driftsmodellen. Det må mellom anna vurderast om ein såpass liten økonomi som ABM-media sin, kan bera så store fellesutgifter som bortimot 1 million (budsjett for 2024 er på i overkant av 900.000,-). I det heile må det framover vera stort fokus på å sikra ei berekraftig drift av tidsskrifta og selskapet.

Knut Markhus

Oslo, 21. mars 2024